



ÅRSMELDING 2020

Generelt.

Fjordvegen Rute 13 er eit interesseselskap for den viktige indre samferdselsåra Rv 13 på Vestlandet som går gjennom fylka Rogaland og Vestland.

Fjordvegen Rute 13 har riksvegstatus og er ei livsnerve for kommunane den går gjennom, både for næringsliv / turisme og innbyggjarar frå Stavanger i sør til Sogndal i nord.

Vedtekter:

Vedtekter for eit revitalisert Fjordvegen Rute 13 vart vedteke på Årsmøtet 06.06.2013 og sist revidert på årsmøtet i 2020.

Her er føremåla:

1. Å arbeida for utbygging av Fv/Rv13 slik at denne blir ein trygg veg med gjennomgåande høg standard og gul midtstripe for heile strekninga.
2. Å marknadsføra vegstrekninga som ei effektiv og vakker transportåre og som den indre stamvegen frå Nord-Jæren til Sogn.

Føremålet er følgt opp med ein årleg revidert treårig Handlingsplan med desse måla:

- Fjordvegen Rute 13 skal verta den viktigaste reiskapen for regionar, kommunar og verksemdar til å skaffa midlar til rassikring, fullverdig vegstandard utan standardbrot og med gul stripe på Riksveg 13.
- Fjordvegen Rute 13 skal målretta støtte reiselivet i Fjordveg-regionen for auka konkurransekraft basert på lokale opplevingar.

Handlingsplanen er følgt opp med årleg revidert tiltaksplan.

Styret 2020:

Styret har 7 styremedlemer. Det er 5 årsmøtevalde for 2 år om gongen og 2 valde frå fylkeskommunane for ein 4-årig valbolck. Styret skal ha møte så ofte som arbeidet krev det. Styret skal driva selskapet for utvikling, pådriving og gje uttalar på vegne av organisasjonen.

Styret har i 2020 halde 5 styremøte og handsama 27 saker i tillegg til Årsmøtet 2020 som var digitalt den 15.06.2020.

Styret har årleg invitert eksterne innleiarar i møta, m.a. frå Statens vegvesen.

Styret i 2020:

Gerd Helen Bø, Suldal kommune - leiar
Sigbjørn Hauge, Voss herad - nestleiar
Morten Midlang, Vik kommune
Irene Heng Lauvsnes, Strand kommune
Roald Aga Haug, Ullensvang kommune

Varamedlemmer i rekkefølge:

1. Edmund H Utne, Hotel Ullensvang
2. Solfrid Borge, Ullensvang kommune
3. Marta Finden Halset, Vik kommune

2019-2023 Fylkesvalde med personleg varamedlem:

Kristoffer Amdal , Rogaland fylkeskommune
 Toralv Mikkelsen, Vestland fylkeskommune

varamedlem: Svanhild Løge Skålheim
 varamedlem: Gunnar Moland

Valnemnd 2020: Hans Erik Ringkjøb (leiar), Frode Bøthun, Kari Vaage Gjuvsland.

Administrasjon:

Fjordvegen Rute 13 kjøper administrative tenester hjå Hardangerrådet iks. Dagleg leiar i Hardangerrådet iks Jostein Eitrheim, er også dagleg leiar i Fjordvegen Rute 13 og er saman med konsulent Trude L. Rinaldo sekretariat for selskapet.

Seniorkonsulent Hanne Sundbø er tilsett i Hardangerrådet frå 01.10.2013. Fjordvegen Rute 13 kjøper konsulenttenestene frå Hardangerrådet etter avtale.

Hardanger Økonomiservice as har ført rekneskapen og Indre Hordaland Revisjonsdistrikt har vore revisor for selskapet i 2020.

Medlemskap

Medlemskap: Alle som støttar føremålet, kan verte medlem og betala årskontingent etter kategori. Ved utgang av året 2020 har selskapet 12 kommunar, 2 fylkeskommunar, 2 regionråd, 5 næringsforeningar, og 16 verksemder/stiftingar som medlemar:

Stavanger kommune	Postboks 8001	4068 STAVANGER
Sandnes kommune	Postboks 583	4305 SANDNES
Ulvik herad	Skeiesvegen 3	5730 ULVIK
Sauda kommune	Postboks 44	4201 SAUDA
Strand kommune	Rådhusgt.	4100 JØRPELAND
Hjelmeland kommune	Vågavegen 116	4130 HJELMELAND
Suldal kommune	Eidsvegen 7	4230 SAND
Ullensvang kommune	Opheimsgt.31	5750 ODDA
Eidfjord kommune	Simadalsv. 1	5783 EIDFJORD
Voss herad	PB 145	5701 VOSS
Sogndal kommune	PB 153	6851 SOGNDAL
Vik kommune	PB 134	6891 VIK I SOGN
Vestland fylkeskommune	Postboks 7900	5020 BERGEN
Rogaland fylkeskommune	Postboks 299	4002 STAVANGER
Hardangerrådet iks	PB 78	5782 KINSARVIK
Ryfylke iks	Ryfylkevegen 7040	4130 HJELMELAND
Hardanger Industri	Smelteverket 57	5750 ODDA
Suldal Næringsforening	Sandsvegen 134	4230 SAND
Vik Næringsssamskipnad		6893 VIK i Sogn
Hjelmeland Handels- og Serviceforeining		4130 HJELMELAND
Ullensvang Reiseliv	Pb 73	5782 KINSARVIK
Stiftelsen Preikestolen	PB 199	4126 JØRPELAND
Felleskjøpet Rogaland Agder SA	Pb 208	4001 STAVANGER
Myrkdalen Fjellandsby		5713 VOSSESTRAND
Hotel Ullensvang	Ullensvangvegen 865	5781 LOFTHUS
Blix hotell	Sentrumsgata 44	6891 VIK I SOGN
NorStone AS	Svadbergveien 27	4137 ÅRDAL
Fjordtinds Hotels	Bekkjarvikveien 104	5114 TERTNES

Kinsarvik Camping		5780 KINSARVIK
Eidfjord Fjell og Fjord Hotel	Lægredsvegen 7	5783 EIDFJORD
Energiselskapet Hardanger	Pb 33	5782 KINSARVIK
Mass Hus AS	Postboks 13	5782 KINSARVIK
Fiskå Mølle AS	Fiskåvegen 1010	4120 TAU
Lofthus Auto	Lofthus	5781 LOFTHUS
Ullestad & Jansen Transport	Vikaneset 76	4130 HJELMELAND
Halldor Utne	Kinsarvikvegen 1	5780 KINSARVIK
Årdal Landbruk	Årdalstunet 13	4137 ÅRDAL

Kontingent 2020 for Fjordvegen Rute 13

Medlemskategori 1: Kommunar	kr	35.000
Medlemskategori 2: Næringssekskap/Interesseselskap over 50 medlemmer	kr	5.000
Medlemskategori 3: Næringssekskap/Interesseselskap inntil 50 medlemmer	kr	2.500
Medlemskategori 4: Bedrifter/Andre med over 100 tilsette	kr	5.000
Medlemskategori 5: Bedrifter/Andre med under 100 tilsette	kr	2.500
Medlemskategori 6: Bedrifter/Andre med inntil 5 tilsette	kr	1.000
Medlemskategori 7: Vestland fylkeskommune	kr	180.000
Medlemskategori 8: Rogaland fylkeskommune	kr	100.000

Kort om arbeid i selskapet i 2020

Saman med kommunar, fylkeskommunar og andre aktørar har Fjordvegen Rute 13 arbeid i høve revisjon av NTP, samt oppfølging av det årlege Handlingsprogrammet til vedtatte NTP. Påverknad for å få fokus på prosjekt langs Rv 13 er prioritert. Det er arbeid mot politisk nivå for å få finansiert og igangsett viktige prosjekt.

Arbeidet med ny NTP 2022-2033

Arbeidet i høve neste nasjonale transportplan blei tatt opp hausten 2019 gjennom m.a. planlegging av ny årskonferanse i Rogaland våren 2020. Programmet for dagskonferansen på Sola i april var akkurat klar til utsending da Norge stengte ned 12. mars. Konferansen blei avlyst og årsmøtet flytta til digitalt møte i juni.

Den planlagte rundturen mellom medlemmane hausten 2020 måtte og avlysast pga smittevernet.

Fjordvegen sin administrasjon rakk tidleg i mars å delta og presentera utfordringane til Rv 13 på dei innleiande møta med fylkeskommunane Vestland og Rogaland. Uttalar blei sendte inn til begge fylka med sterk oppfordring til likelydande uttalar omkring utfordringane for Rv 13.

Heile prosessen til Fjordvegen i høve revisjonen av NTP er løpande omtalt på nettsida fjordvegen.no., samt at det er aukt oppfølging på facebook.

Hovudfokus har vore å påverka og samarbeide om å få inn flest mogeleg raspunkt og standardheving for Rv 13 i ny nasjonal transportplan i dette uvanlege året. Dette har skjedd gjennom å innhenta ny informasjon og bygge faktabase, bygge alliansar, utforma argument- og bildesamling og laga solide presentasjonar.

Tett oppfølging av våre to fylkeskommunar var prioritert, samt samarbeide med andre organisasjonar som Nasjonal rassikringsgruppe og andre regionråd i høve høyringar og formelle digitale møte.

Selskapet sine prioriteringar for formelle høyringar:

Styret vedtok hovudpunkta i sitt syn på revisjonen av NTP i mars 2020. Hovudfokus er no auka midlar til rassikring og støtte til Nasjonal rassikringsgruppe og deira synspunkt om å få på plass ein nasjonal rassikringsplan for 12 år og 71 mrd kr til sikring av fylkes- og riksvegar med høg og middels skredfaktor. Rv 13 har heile 34 punkt med høg og middels skredfaktor. Prioritering av dei mange raspunkta med høg og middels skredfaktor er gitt utifrå størrelsen på faktoren. I tillegg prioriterer selskapet presserande standardheving, t.d. på strekket Kinsarvik – Bu.

Styremedlem har gjennom sommar og haust følgd opp partikolleger på Stortinget og i fylka ved deira besøk og synfaringar av strekk av Rv 13, i tillegg til møte med Stortingsgruppene.

På slutten av 2020 bestemte styret å prøve å få til partivise digitale møte med sentrale samferdslepolitikarar frå alle Stortingsparti. Dette blei planlagt for vinter og vår 2021, hovudsakleg før framlegging av NTP-forslaget i mars.

I løpet av den lange NTP-prosessen har styret drøfta dei innspela også andre instansar har presentert, og spissa argumenta for Rv 13. M.a. har ein framheva at det ikkje er rett å prioritera ressursar i NTP einssidig utifrå samfunnsøkonomisk lønsemd. Spreidd busetnad i distrikta og periodevis låg ÅDT gjev automatisk lågare netto nytte samanlikna med prosjekt i område med større folketal og dermed høgare ÅDT. Rasutsette vegar i distrikta med låg ÅDT vil då aldri bli prioriterte.

Uttalar og brev

Fjordvegen Rute 13 har i 2021 kome med slik uttalar som alle er presentert på www.fjordvegen.no:

Uttale til Rogaland fylkeskommune til deira formelle innspel til ny NTP 11.03.2021
Tilsvarande uttale til Vestland fylkeskommune om NTP 2022 - 2033 2.04.2020
Uttale til prioriteringsdokumentet frå Statens vegvesen NTP 2022-2033, 24.06.2020
Brev til samferdselsminister Knut Arild Hareide med kopi til transport- og kommunikasjonskomiteen samt Vestlands- og Rogalandsbenken på Stortinget, 26.11.2020
Pressemelding om auka mengde ras samt dårleg standard på riksveg 13, 1.12.2020.

Reiseruteutvikling

Eit langsiktig prosjekt for å utvikla produkt i fleire regionar skjer med utgangspunkt i behovet for ei pilgrimsrute langs veg til Røldal og etter kvart knytt opp mot Trondheim. Med utgangspunktet i ideen om å bruka riksveg 13, har Fjordvegen Rute 13 vore involvert med drøfting og rådgjeving for Pilgrimsutvalet i Stavanger bispedømme.

Fjordvegen Rute 13 har hatt kontakt med Travel like the locals-prosjektet som frå 2019 var lagt til dei involverte fylka. 2020 vart eit så spesielt år med høgst avgrensa tal utlandsgjester, at tal bookbare turar og reell utprøving i sesong måtte blir sterkt redusert.

Nasjonale turistvegar i Fjordveg-regionen: Fjordvegen Rute 13 har hatt jamnleg kontakt med turistvegkontoret.

Profileringsarbeidet i tråd med Handlingsplan 2020 – 2021:

Konsulent Hanne Sundbø har utifrå Koronasituasjonen auka innsatsen med digital profilering samt oppfølging av lokal og regional presse.

Medlemsskrivet **Fjordvegdrøsen** pr epost 3-4 gongar/år går til medlemmer og særleg interesserte mottakarar innan næringsliv og politikk. Nytt frå selskapet sitt arbeide og større prosjekt samt ytringar frå medlemma. Lesartala er høge i høve tal mottakarar.

Sosiale media har fått eit omfattande fokus. **Facebook-profilen** blir som oftast oppdatert fleire gongar kvar veke med generelt nytt frå styret, det som skjer rundt Rv 13 i media, spesifikke stengingar og rasproblem samt medlemsnytt, særleg frå reiselivsaktørane. Rundt 770 følgjarar hadde profilen ved årsskiftet.

Tal innlegg er mellom 30 – 40 pr månad, oftast med god respons og kommentarar.

Instagram-profilen vert brukt til spreiding av informasjon med fotos frå utfordringar langs vegen, og informasjon frå faglege og politiske arrangement Fjordvegen Rute 13 deltek i.

Heimesida **www.fjordvegen.no** er faktabasert og fungerer som informasjonsstad for alle eksterne brukarar. Ytringar frå nye nærings-medlemmer er presentert samt større prosjekt som Fjordvegen Rute 13 er engasjert i. Pga nedstenging av landet frå mars, er det i 2020 lagt større vekt på å oppdatera om arbeidet med Rv 13 i høve ny Nasjonal transportplan på desse sidene.

Medlemspleie, NTP og rekruttering

Kontakt mot medlemmer:

Medlemsrunde med styretur hausten 2020 måtte avlysast pga smittefaren.

Fjordvegen ønskjer å få dialog med alle kommunestyra i løpet av ein valperiode, og ein fekk deltatt i fem kommunestyre før nedstenginga og i periodar med ordinære møte.

Regionreform og kommunesamanslåing har gjort at talet på medlems-kommunar og fylkeskommunar er redusert pr 1.1.2020.

Det er i løpet av 2020 kome til fire nye næringsmedlemmer, ein er utmeldt.

Statusrapportar frå utviklinga av Rv 13.

Ryfast mellom Stavanger og Ryfylke opna første tunnel, Ryfylketunnelen 31.12.2019. Dei to neste kortare tunnelane opna i april 2020 og med det var anlegget fullført.

Trafikken sørfrå har auka etter opninga av Ryfast, og gitt nye ramer for trafikken på riksveg 13 med ringverknadar nordover i Fjordveg-regionen. Korona-situasjonen og sein igangsetting av bompenginnkrevjing har vist ein unormal situasjon. Fjordvegen følgjer med på trafikkntala.

Nye større veganlegg langs Rv 13 med arbeid i 2020.

22. april 2020 vart Ryfast opna gjennom ein digital vegopning.

Goteviktunnelen mellom Vik og Vangsnes vart opna i desember 2020.

Hydrogenelektrisk ferjedrift – Hjelmeland – Nesvik:

Utbygging av anlegg på kaiane pågjekk gjennom heile 2020. Ny elektrisk ferje startar å gå i april 21

Det har blitt gjort mindre utbetningsarbeide fleire plassar, m.a. fleire plassar nord for Odda sentrum og ved Ylvisaker vest for Sogndal.

Tilstand - status for utvikling.

Rv13 har fleire delstrekningar med vedvarande utfordringar som er gjentakande problem for dei vegfarande. Døme er vinterstengingar for vegen over Vikafjellet, trafikale problem og manglande framkome mellom Kinsarvik og Bu i sommarsesongen og årvisse ras t.d. Byrkjenes, Brattlandsdalen og Rødsliane.

Kommentarar til rekneskapen. Vidare drift.

Rekneskapen for 2020 er ført etter rekneskapslova som eige selskap av Hardanger Økonomiservice AS og revidert av Indre Hordaland Revisjonsdistrikt.

Rekneskapen for 2020 viser at selskapet hadde driftsinntekter på 854.500 kr og driftsutgifter på 892.666 kr. Driftsresultatet er på -38.166 kr. Renteinntekter er på 1.431 kr. Dette gjev eit ordinært årsresultat på -36.735 kr.

Eigenkapitalen pr. 31.12.2020 er negativ på -39.763 kr. Føresetnaden om fortsatt drift iht. rekneskapslova §3-3 er likevel lagt til grunn ved avlegging av rekneskapen. Styret vil gjera tiltak som vil gje selskapet ein forsvarleg eigenkapital i framtida.

Diverse.

Arbeidsmiljø og personale.

Selskapet har ikkje egne tilsette, men kjøper sekretærenestene og profileringstenester frå Hardangerrådet iks. Jostein Eitrheim er dagleg leiar i Fjordvegen Rute 13 i 2020.

Likestilling.

Selskapet sitt styre er 5 menn og 2 kvinner og varamedlemmene i styret er 2 menn og 3 kvinner.

Miljø.

Fjordvegen Rute 13 si drift ureinar ikkje det ytre miljøet.

Kinsarvik 27.04.2021

.....
Gerd Helen Bø
styreleiar

.....
Sigbjørn Hauge
nestleiar

.....
Irene Heng Lauvsnes
styremedlem

.....
Roald Aga Haug
styremedlem

.....
Morten Midlang
styremedlem

.....
Kristoffer Amdal
styremedlem

.....
Toralf Mikkelsen
styremedlem

.....
Jostein Eitrheim
dagleg leiar